

ÅRSMELDING 2025

KONTROLLUTVALET I SEL KOMMUNE

Godkjent av kontrollutvalet 24. februar 2026

Innhald

- | | |
|--|--------|
| 1. Innleiing | side 2 |
| 2. Kontrollutvalet | side 2 |
| 2.1. Samansetning | |
| 2.2. Mandat, ansvar og mynde | |
| 2.3. Møter og saker | |
| 2.4. Kompetanse og fagleg samarbeid | |
| 2.5. Kontrollutvalets ressursar | |
| ○ Sekretariat for kontrollutvalet | |
| ○ Revisjonsselskapet | |
| 2.6. Økonomi for kontroll og revisjon | |
| 3. Kontrollutvalets arbeid i 2025 | side 5 |
| 3.1. Saker frå kontrollutvalet til kommunestyret | |
| 3.2. Regnskapsrevisjon og kontroll med økonomiforvaltninga | |
| 3.3. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | |
| 3.4. Kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen | |
| 3.5. Anna arbeid i kontrollutvalet | |
| ○ Samordning tilsyn og eigenkontroll | |
| ○ Orienteringar frå administrasjonen | |
| ○ Verksemdsbesøk | |
| ○ Henvendelser og innspel | |
| Vedlegg 1: Oversikt over møter og saker i 2025 | side 9 |

1. Innleiing

"Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret." ¹

Kontrollutvalet rapporterer om sitt arbeid til kommunestyret gjennom årsmeldinga, samt gjennom rapportar, planar og møteprotokollar som er oversendt i løpet av året.

2. Kontrollutvalet

2.1 Samansetning

Kommunestyret valgte kontrollutvalet for perioda 2023-2027 i konstituerande møte:

<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer</u>
Jørund Båtstad, AP (leiar)	Ove Ruud, AP
Eli Marie Stormyrenge, AP (nestleiar)	Elin F. Martinussen, AP
Knut O. Bakken, SV	Per Ove Haugaløkken, SV
Freddy Bagge, SP	Jon Magne Moldal, SP – fritak f.o.m. 15.8.25
	Nicolai Stubbrud, SP
Maj-Britt Svastuen, SP	Anita Tofte, SP
	Gro Sandbu Randen, SP

Freddy Bagge er valgt blant kommunestyrets medlemmer. Utvalets størrelse, representasjon i kommunestyret og kjønnsfordeling samsvarer med kommunelovens krav.

2.2 Mandat, ansvar og mynde

Kontrollutvalets ansvar og mynde følger av kommuneloven § 23, forskrift om kontrollutvalg og revisjon samt Kontrollutvalgsboka (retteleiar frå Kommunal- og distriktsdepartementet).

Mandat og ansvar

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunens verksemd ², og velger sjølv eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på deira vegner. ³

Kontrollutvalet skal påsjå at: ⁴

- * kommunens regnskaper blir revidert på ein trygg måte
- * det blir ført kontroll med den økonomiske forvaltninga
- * det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- * kommunestyrets vedtak ved behandling av revisjonsrapportar blir fulgt opp

Mynde

- * Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret når det behandlar utvalets saker. ⁵
- * Kontrollutvalet har ein generell informasjons-, innsyns- og undersøkingsrett utan omsyn til teieplikt. ⁶

¹ Kommuneloven § 23-5 Rapportering til kommunestyret

² Kommuneloven § 22-1 Kommunestyrets kontrollansvar

³ Kommuneloven § 23-1 Kontrollutvalget

⁴ Kommuneloven § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

⁵ Kommuneloven § 23-2

⁶ Kommuneloven § 23-2 inkl. kommentar

- * Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar gjort av kommunens organ.⁷ Det har heller ikkje mynde til å fatte enkeltvedtak og er ikkje noko klageorgan.
- * Saker frå kontrollutvalet skal leggjast fram til behandling i kommunestyret.
- * I saker der utvalet har innstillingsrett, har ikkje kommunedirektør eller folkevalgte organ høve til å gje innstilling. Det gjeld m.a. plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, revisjonsrapportar og oppfølging av desse samt valg av sekretariat og revisjonsordning.⁸

2.3 Møter og saker

Kontrollutvalet følger kommunelovens regler om saksbehandling i folkevalgte organ. Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalets møter. Utvalet kan innkalle kommunedirektør og andre for å orientere om saker og aktuelle tema. Møtene er som hovudregel opne og saker blir kunngjort på sekretariatets heimeside: <https://www.nord-gudbrandsdal.no/skng/>

Kontrollutvalet hadde 7 møter i 2025 og behandla totalt 43 saker (oversikt på siste side). Utvalet inviterte også i fjor ordførar og kommunedirektør til dialogmøte.

2.4 Kompetanse og fagleg samarbeid

Kontrollutvalets ansvar er både omfattande og krevande, og opplæring om kommunen, lovverk og kontrollansvaret er naudsynt for å kunne utføre utvalets arbeid og oppgåver. Nasjonale konferansar for kontrollutvala i regi av NKRF og FKT er nyttige og viktige arena for opplæring, fagleg påfyll og ikkje minst motivasjon for utvalets arbeid. Utvalets budsjett bør derfor ha rom for at utvalet kan delta på ein konferanse årleg.

Kontrollutvala i 6K hadde felles møte 11.9 og behandla oppfølging av revisjonen av NGR. Møtet vart også nytta til orientering/ opplæring om

- samfunnssikkerhet og beredskap
- offentleglova og forvaltningslova med fokus på innsyn

Utvalsleiarane hadde eit møte i januar for å drøfte årsplan, samarbeid og felles prosjekt.

2.5 Kontrollutvalets ressursar

Sekretariat for kontrollutvalet

Sekretariat for kontrollutvalet er SKNG (Sekretariat for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal), eit kommunalt oppgavefelleskap mellom dei seks kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja og med Sel som vertskommune.

Sekretariatet utgreier saker, bistår utvalet i praktisk tilrettelegging og oppfølging av vedtak. Det utfører oppgåver på vegner av kontrollutvalet og er eit bindeledd mellom utvalet og revisjonsselskapet.

Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet KO var settesekretariat vedr. oppfølging av revisjon av Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS.

⁷ Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 1 Rammer for kontrollutvalgets myndighet

⁸ Kontrollutvalgsboka kap. 2 (Rettleiar frå Kommunal- og distriktsdepartementet)

Revisjonsselskapet

Kommunen er medeigar i Innlandet Revisjon IKS saman med 23 andre kommunar og fylkeskommunen. Selskapsavtale er vedtatt av kommunestyret. Innlandet Revisjon IKS leverer samtlege revisjonstenester til kommunen til sjølkost og i samsvar med lover, forskrifter og anerkjente standardar. Kontrollutvalet inngår årleg oppdragsavtale med revisjonen på vegner av kommunen.

2.6 Økonomi for kontroll og revisjon

For å kunne utføre sin lovpålagte kontrollfunksjon på ein god måte er det viktig at kontrollutvalget er gjeve tilstrekkelege ressursar. Kontrollutvalet utarbeider årleg forslag til budsjett for kontroll og revisjon, og dette skal følge innstillingen til årsbudsjett til kommunestyret.⁹ Budsjettet skal omfatte kontrollutvalets drift, sekretariat og revisjon.

	Budsjettforslag	Vedtatt budsjett	Forbruk 2025
Kontrollutvalets drift	114 800	66 000	43 464
Sekretariat	202 400	210 000	217 192
Revisjon	1 247 120	1 247 000	1 298 360
+ pensjon			99 610
Sum	1 564 320	1 523 000	1 658 626

Utvalets drift

- Utgiftene avheng av antal møter, utvalets samansetning og godtgjering samt kor mange som deltar på kurs/konferanse.

Sekretariatet

- Utgiftene blir fordelt med 1/6 pr. kommune, og inkluderer også fellesmøtet i 6K.

Revisjonsutgifter

- Revisjonen fakturerer i tre rater basert på oppdragsavtala på kr 1 249 880. Kostnad for medgått tidsbruk var kr 1 298 360. I tillegg kjem pensjonsforpliktelse frå sammenslåing av revisjonsselskap. Differanse mellom A-konto og faktiske kostnader blir gjort opp i 2. termin påfølgande år. Årets revisjonsutgifter i kommunens regnskap blir også høgare enn budsjett, fordi budsjettramma i 2024 var auka pga. avtalte revisjonsprosjekt, men oppdragsavtala ikkje var justert tilsvarende.
- Revisjonsomfanget, og særskilt forvaltningsrevisjon, varierer frå år til år, jmf tabellen:

	Avtale-25	Timar-25	Snitt 20-25
Regnskapsrevisjon	640	581	564
Forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll	300	393	150
Møter	26	23	14
Sum revisjonstimar	966	997	728

- Kontrollutvalet har liten påverknad på tidsbruk til regnskapsrevisjon, her blir lovbestemmelser og praksis om god regnskapsskikk fulgt.
- Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll blir bestilt etter vedtatt plan, risiko- og vesentlegvurdering og oppdragsavtale. Det er mange forhold som påverkar kor godt ein treffer budsjettramma, m.a. oppstart og revisjonens kapasitet.
- Det er ynskjeleg om revisjonsutgifter kunne fordelast over ei lengre perioda (ein slags fond/buffer) eller ein form for "timebank" hjå revisjonen med faste overføringar pr. år. Det ville gje jevnare utgifter og være meir forutseieleg.

⁹ Kommuneloven § 14-3 tredje ledd og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2

3. Kontrollutvalets arbeid i 2025

3.1 Saker frå kontrollutvalet til kommunestyret

Kontrollutvalet oversendte 7 saker m/innstilling til kommunestyret for endeleg behandling:

1. Kontrollutvalets årsmelding 2024
2. Forvaltningsrevisjonsrapporten "Overordnet styring av informasjonssikkerheten"
3. Uttale til kommunens årsregnskap
4. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS
5. Oppfølging av rapport eierskapskontroll Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS
6. Budsjettforslag for kontroll og revisjon for 2026
7. Årsplan for kontrollutvalet 2026

3.2 Regnskapsrevisjon og kontroll med økonomiforvaltninga

*"Kontrollutvalget skal påse at kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte og at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak."*¹⁰

Kontrollutvalet har utført dette gjennom følgende kontrollhandlingar:

- ✓ Behandla og gjeve uttale til kommunens årsregnskaper og årsmelding. Administrasjonen orienterte om regnskapet. Revisors beretning var utan førehald. Utvalets uttale til årsregnskapet går til kommunestyret med kopi til formannskapet. Utvalets uttale og revisjonsmeldinga var vedlagt kommunestyrets behandling.
- ✓ Behandla rapport frå forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i 2024. Tema for kontrollen var attestasjon og anvisning av utbetalinger på innkjøpsområdet.
- ✓ Oppfølging av nummerert brev etter forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2023. Tema for kontrollen var oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer. Administrasjonen og revisor orienterte utvalet om dei tiltak og rutiner som var iverksatt. Det er pr. 31.12.25 ingen nummererte brev til oppfølging, som betyr at kommunen har fulgt opp revisjonens påpeikingar.
- ✓ Utvalet har fått orientering frå revisor om revisjonsstrategi for regnskapsrevisjon 2025 og risiko- og vesentlegvurdering som grunnlag for forenkla etterlevelsekonroll med økonomiforvaltninga 2025. Tema for 2025 blir godkjenning av variabel lønn og utvalet vil behandle revisjonsrapporten når den er klar våren-2026.
- ✓ Orienteringar og dialog med revisor gjennom året.

3.3 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

*Kontrollutvalet skal påsjå at det blir utført forvaltningsrevisjon¹¹ og eigarskapskontroll¹² og at kommunestyrets vedtak ved behandling av revisjonsrapportar blir fulgt opp.*¹³

Kontrollutvalet har utført dette gjennom fleire handlinger som blir nærare omtalt nedanfor.

¹⁰ Kommuneloven § 23-2, bokstav a og b

¹¹ Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyret vedtak (kommuneloven § 23-3)

¹² Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunen eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring (kommuneloven § 23-4)

¹³ Kommuneloven § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Behandling av revisjonsrapportar

- ✓ Utvalet har behandla forvaltningsrevisjonsrapport nr 25/25: "Overordnet styring av informasjonssikkerheten". Kommunestyret behandla rapporten i sak 9/23 og vedtok kontrollutvalets innstilling med endring i punkt 3 (kommunedirektøren informerer kommunestyret om oppfølging av saka med kopi til kontrollutvalget).

Oppfølging av tidlegare revisjonsrapportar

- ✓ Kontrollutvalet har behandla oppfølging av kommunestyrets vedtak av to revisjonsrapportar. Utvalet mottok skriftleg attendemelding om korleis kommunestyrets vedtak er fulgt opp og denne var etterfulgt av muntleg orientering. Kontrollutvalets sak og vedtak til innstilling er oversendt som eigen sak til kommunestyret 23.9.2025.
 - * Forvaltningsrevisjon Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS (rapport 13-2024)
 - * Eierskapskontroll Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS (rapport 12-2024)
- ✓ Kontrollutvalet behandla i juni-møtet revisjonsprosjekter som var gjennomført før 2024. Bakgrunnen var at utvalet tidlegare har i liten grad hatt nokon formell oppfølging av rapportar og kommunestyrets vedtak eller rapportering til kommunestyret om korvidt vedtak og revisjonens anbefalingar er fulgt opp tilfredsstillande. Nedanfor ei oppsummering av utvalets vedtak:
 - * "Regionale samarbeid" (rapport 2014): Utvalet tar med revisjonens tilrådingar som bakgrunnsinformasjon ved evt. bestilling av eigarskapskontroll.
 - * "Selskapskontroll – ansettelser i Nord-Gudbrandsdal regionråd" (rapport 23-2019): Utvalet vurderer at kommunestyrets vedtak er fulgt opp.
 - * "Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov" (rapport 8-2018): Kontrollutvalet vurderer på bakgrunn av mottatt informasjon frå kommunedirektør og revisor i november-møtet at revisjonens tilrådingar er tilfredsstillande oppfylt.
 - * "Trivsel og læringsmiljø i skolen" (rapport 17-2019): Kontrollutvalet har bedt kommunedirektøren orientere om kva tiltak kommunen har gjort og vurdering av i kva grad revisjonens tilrådingar er innfridde. Planlagt behandling 1. kvartal 2026.
 - * "Helsesamarbeidet NGLMS (rapport 8-2022): Kontrollutvalet bestiller ein oppfølgingskontroll.

Behandling av foranalyser og prosjektplaner

Kontrollutvalet bestiller revisjonsprosjekt på bakgrunn av "Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioda 2025-2028" som bygger på ei risiko- og vesentlegvurdering. Kommunestyret vedtok planen i 2025 og gav utvalet fullmakt til å endre den.

Planen har følgande prioritert tema for forvaltningsrevisjon:

1. Pleie og omsorg – bærekraftig drift
2. Barnehagar – psykososialt miljø
3. Utanforskap, sysselsetting og integrering

- ✓ Kontrollutvalet har bestilt forvaltningsrevisjon av temaet "Forebygging av ungt utenforskap" på bakgrunn av mottatt foranalyse og prosjektplan frå revisjonen. "Formålet kan være å få mer informasjon om hvordan kommunen arbeider for å forebygge utenforskap blant unge voksne. Dette innebærer at vi her ikke vil se på tiltak mot de faktorene som innebærer at grupper marginaliseres, men på de tiltak NAV gjør for å få unge voksne i skole, utdanning, arbeid og andre viktige arenaer i samfunnet, jf. definisjonen i kap. 1.1." ¹⁴

¹⁴ Frå foranalyse og prosjektplan

Rapporten er forventa levert våren-2026.

Rapportering til kommunestyret

I følge kommuneloven og forskrift om kontrollutvalg og revisjon, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem.

- ✓ I løpet av 2025 har kontrollutvalet oversendt 3 saker om dette, jamfør punkt 3.1.

3.4 Kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen

"Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at kommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte, at regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor og at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3." ¹⁵

Kontrollutvalet har fulgt opp dette ansvaret gjennom:

- ✓ Løpande dialog med revisjonen gjennom året om revisjonsarbeidet.
- ✓ Orienteringar frå oppdragsansvarleg regnskapsrevisor om revisjonsarbeidet, revisjonsmelding for årsregnskapet, resultat av forenkla etterlevelsekontroll med økonomiforvaltninga og revisors overordna revisjonsstrategi med risikovurdering.
- ✓ Behandla eige sak om utvalets "påsja-ansvaret" overfor revisjonen.
- ✓ Inngått oppdragsavtale med revisjonen på vegner av kommunen.
- ✓ Behandla tertialvis rapportering frå revisjonen.
- ✓ Behandla eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit m.m.
- ✓ Dialog og "løypemeldinger" vedr. forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

3.5 Anna arbeid i kontrollutvalet

Samordning tilsyn og eigenkontroll

"Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Kontrollutvalet bør innhente tilsynsrapportar og halde seg orientert om komunedirektørens si oppfølging av eventuelle lovbrøt." ¹⁶

Kontrollutvalet har fulgt opp denne oppgåva gjennom:

- ✓ Gjennomgang av statlege tilsyn i 2024 med resultat og status
- ✓ Sekretariatet legg inn forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i den nasjonale tilsynskalenderen.

Det har ikkje lukkast å få kommunen til å etablere rutine slik kontrollutvalet blir løpande orientert om varsel om tilsyn og mottatte tilsynsrapportar.

¹⁵ Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3

¹⁶ Kontrollutvalgsboka side 77

Orienteringar frå administrasjonen

"Kontrollutvalet kan be kommunedirektøren om å orientere om saker og aktuelle tema i kontrollutvalet. Dette kan gje kontrollutvalet eit grunnlag for å vurdere om eit saksfelt er tilstrekkeleg belyst, eller om det er behov for ytterlegare oppfølging og undersøking." ¹⁷

Orienteringar er viktige for å få kjennskap til og status om aktuelle tema og områder, bli kjent i organisasjonen og gje kontrollutvalet god forståing for risikobildet i kommunen.

- ✓ Kontrollutvalget har i løpet av året bedt om og fått orientering om følgande tema:
 - Kommunens prosess og pågåande utgreiingar for å løyse auka kapasitet og kompetanse innan helse og omsorg (18.2.25).
 - Status samarbeid med Vågå kommune (18.2.25)
 - Planer for hybelhus/internat for vgs-elever (18.2.25)
 - Økonomi-status (18.2.25)
 - Innkjøpsavtaler og rammeavtale om innkjøp (23.5.25)
 - Internkontroll – status og oppfølging etter gjennomgang okt-24 (18.6.25)
 - Kommunal planstrategi 2024-2027 (18.6.25)

Kontrollutvalet takkar kommuneleiinga for mange og nyttige orienteringar!

Verksemdsbesøk

"For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan utvalet vitje ulike kommunale verksmeder. Dette kan også omfatte kommunale føretak og selskap." ¹⁸

Kontrollutvalet drøfta utkast til rutine for besøk, og valgte å utsette vidare arbeid i påvente av veileder frå NKRF/FKT. Denne kom på slutten av året.

Henvendelser og innspel

"Kontrollutvalet skal handsame saker knytta til revisjon og eigarskapskontroll, men dette er ikkje tilstrekkeleg for å ta hand om det løpande kontrollansvaret. Kontrollutvalet er difor avhengig av å ta opp saker på eige initiativ og få innspel til saker frå andre." ¹⁹

Kommunestyret kan be kontrollutvalet utføre konkrete kontrolloppgåver på sine vegner. Dette har ikkje kommunestyret gjort i 2025.

Kontrollutvalet vurderer sjølv korvidt og korleis det vil behandle henvendelser og innspel frå andre enn kommunestyret. Innhaldet i henvendelse blir vurdert ut frå utvalets ansvar og mandat og ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet har ikkje mottatt nokon ekstern henvendelse dette året.

¹⁷ Kontrollutvalsboka side 32

¹⁸ Kontrollutvalsboka side 33

¹⁹ Kontrollutvalsboka side 28

Vedlegg 1: Oversikt over møter og saker i 2025

Møtedato	Saksnr.	Sak
18. februar	Sak 1/25	Protokoll og referatsaker
	Sak 2/25	Forvaltningsrevisjonsrapport om IKT-sikkerheit
	Sak 3/25	Orienteringar
	Sak 4/25	Forvaltningsrevisjon i 2025
	Sak 5/25	Årsrapport/avregning 2024 frå Innlandet Revisjon
	Sak 6/25	Eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit
	Sak 7/25	Kontrollutvalets påsjå-ansvar i 2024
	Sak 8/25	Årsmelding 2024 for kontrollutvalet
	Sak 9/25	Kontrollutvalets årsplan
22. april	Sak 10/25	Godkjenning av protokoll
	Sak 11/25	Foranalyse – utanforskap i Sel kommune
	Sak 12/25	Oppfølging av nummerert brev etter forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2023
	Sak 13/25	Forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2024
	Sak 14/25	Kommunens regnskap og årsberetning for 2024
	Sak 15/25	Referatsaker
23. mai	Sak 16/25	Orientering
	Sak 17/25	Godkjenning av protokoll
18. juni	Sak 18/25	Godkjenning av protokoll
	Sak 19/25	Orienteringar
	Sak 20/25	Prosjektplan – Forebygging av ungt utanforskap
	Sak 21/25	Eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit
	Sak 22/25	Statleg tilsyn
	Sak 23/25	Oppfølging av revisjonsprosjekter
	Sak 24/25	Referatsaker
11. september	Sak 25/25	Godkjenning av protokoll
	Sak 26/25	Orienteringar
	Sak 27/25	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS (NGR)
	Sak 28/25	Oppfølging av rapport etter eierskapskontroll Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS
	Sak 29/25	Revidert prosjektplan – Forebygging av ungt utanforskap
28. oktober	Sak 30/25	Godkjenning av protokoll
	Sak 31/25	Budsjettforslag for kontrollarbeid i kommunen
	Sak 32/25	Uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor
	Sak 33/25	Referatsaker
	Sak 34/25	Drøftingssaker
27. november	Sak 35/25	Godkjenning av protokoll
	Sak 36/25	Kontrollutvalets årsplan for 2026
	Sak 37/25	Oppdragsavtale 2026 med Innlandet Revisjon IKS
	Sak 38/25	Oppfølging av forvaltningsrevisjon om "Overordnet styring av informasjonssikkerheten"
	Sak 39/25	Oppfølging av forvaltningsrevisjon om "Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov"
	Sak 40/25	Revisjonsstrategi for regnskapsrevisjon 2025
	Sak 41/25	Risiko- og vesentlegvurdering som grunnlag for forenkla etterlevelseskontroll
	Sak 42/25	Referatsaker og orienteringar
	Sak 43/25	Drøftingssaker og ope post